



INDRE SUNNFJORD SPELEMANNSLAG

MELLOM TO PERMAR

Det er fint å få dokumentert livssogene til ein femtiåring og ein syttiåring medan dei framleis er lys levande og i god aktivitet. To nye jubileumsbøker vert helsa velkomne.

TEKST: ARNE M. SØLVBERG

Vi kjenner Indre Sunnfjord Spelemannslag frå mange år i landstoppen med dyrking og formidling av våre rike tradisjonar innan spel, song og dans. Heile 11 sigrar i lagspel på Landskapleiken fortel sitt. På det administrative feltet har laget teke ansvar for ei rekke tilskipingar, som fylkeskapleikar, vestlandskapleikar, landskapleikar og landsfestivalar, i tillegg til å vere positivt

medansvarleg for både oppstart og vidare drift av Førdefestivalen.

Men dette er ikkje heile biletet. Dei to–tre siste åra har laget sytt for utgjevinga av to bøker som bør vekke interesse langt utom lokalmiljøet. *Skapt til spelemann. Sigmund Eikås – mannen og musikken* kom i 2017 i samarbeid med Selja forlag i høve Sigmund sine 70 år. Og no på nyåret kom sanneleg endå ei

praktbok for å markere laget sine fyrste 50 år. *Vi kallast Indre Sunnfjord...* heiter boka, og tittelen er henta frå opninga av songen som Bjarte Øvrebø skreiv då laget runda 25 år.

Jostein Aardal tok på seg den krevjande oppgåva som redaktør og hovudskrivar for begge bøkene. Han kjenner laget frå si tid som aktiv medlem og har i tillegg meir enn 30 års røynsle som journalist. Men han har hatt fleire svært gode hjelparar med på skrivedugnaden. Mange av dei er medlemmer i laget, men i boka om Sigmund finn vi òg heile 27 innspel frå kjenningar i folkemusikkmiljøet elles i landet. Og rikeleg med gode foto lyfter leseglede.

STARTEN

9. februar 1969 samlast 12 menn heime hjå kunstmålar og spelemann John Grov i Førde for å skipe spelemannslag. Det må òg nemnast at vossingen Jostein Mæland var til stades som representant for Landslaget for Spelemenn, og vi som var så heldige å verte kjende med han, veit at han var ein stor inspirator for å styrke det organiserte folkemusikkarbeidet i



Sigmund Eikås tevlar på Landskapleiken 2011 i Seljord. (Foto: Knut Utler)



Indre Sunnfjord Spelemannslag tevlar på Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2018 i Skjåk. (Foto: Audun Stokke Hole)

Spelemennene kom frå kommunane Jølster, Førde, Gaular og Naustdal. Det ferske laget fekk straks øvd inn mange slåttar, helst runddansslåttar.

landet. Spelemennene kom frå kommunane Jølster, Førde, Gaular og Naustdal, og det nyfødde laget vart døypt til Indre Sunnfjord Spelemannslag.

Den fyrste musikalske leiaren vart Einar Bakkane frå Naustdal. Det ferske laget fekk straks øvd inn så mange slåttar, helst runddansslåttar, at dei kunne spele både til underhaldning og dans i Jølster 17. mai same året.

KAPPLEIKAR MED STIGANDE RESULTAT

Det er liten tvil om at kappleikar har vore ein viktig motivator både for spelemenn, songarar og dansarar. Det nyskipa laget debuterte på Landskappleiken i Sogndal i

1971. Sjølv hugsar eg frå deltakinga i mitt eige lag (Fjelljom) at det på grunn av litt problem med tidsskjemaet på kappleiken vart bestemt der og då at laga berre skulle spele ein slått kvar. I jubileumsboka står ingenting om moglege grunnar til at Indre Sunnfjord kom langt ned på resultatlista, men eg for min del har ei kjensle av at slåttevalet var sterkt medverkande, for dei valde å spele ein enkel marsj som eg i svært unge år hadde laga til ein jubileumsfest i 4H-klubben heime. Om ein skal bruke eit framandord som komposisjon, så var det min aller fyrste.

Men Indre Sunnfjord klatra snart oppover resultatlistene, heilt sikkert takka vere Sigmund Eikås, som tok over den

musikalske leiinga. Han var med i laget frå starten, men på skipingsdagen var han på Voss og gjekk i lære hos sjølvaste Sigbjørn Bernhoft Osa. Der fekk han eit teknisk og musikalsk grunnlag som både spelemannslaget og elevar utanom har hatt stor nytte av til dags dato.

STORE OPPDRAG BÅDE HEIME OG UTE

Indre Sunnfjord Spelemannslag fekk lært opp mange unge felespelarar, så laget voks og stabiliserte seg som eit topplag i landet. Dei spelte inn plater og vart populære artistar på leikfestar og andre tilskipingar både i Noreg og i utlandet. Det er krevjande å reise på turné heilt til

På bakgrunn av ei herleg danseskildring frå Ålhus i Jølster 1866 må eg undre meg over kor seine sunnfjordingane var med å ta i bruk dei nye runddansane som kom oppover frå Europa

USA med mange spelarar og dansarar, og ikkje minst med ein stor flokk ungdomar til festival i Ungarn, men det ser ikkje ut for at organisering har vore noka hindring i det aktive laget.

Andre land som har fått gleden av å ha laget på vitjing, er Færøyane, Frankrike, Skottland, Latvia, Sverige og Danmark. Og ikkje alltid var gruppa så stor. Rune Lotsberg har i boka ei artig skildring av den gongen ei lita gruppe var i Sør-Libanon og Israel for å servere spel og dans til dei norske FN-styrkane på 17. mai 1989. Grensekontrollen var streng, og dei israelske vaktene forlangte at instrument-skrina vart opna, truleg for å få visse om at det ikkje var våpen som låg inni, endå dei hadde fått fortalt at det var norske folkemusikarar som var der i høve den norske nasjonaldagen.

Og då vaksjefen beordra speling, vart det hastevedtak i gruppa om å spele den enkle reinlendaren «Bringebærslåtten» av Richard Hilde. Felestemming var det ikkje tid til. Og til musikkarane si store undring gjekk heile vaktstyrken opp i stram givakt då speling tok til. Dei trudde sjølvstakt at det var den norske nasjonalsongen som vart servert på denne dato. Rett nok hadde komponistane av «Bringebærslåtten» og nasjonalsongen nokolunde like førenamn.

REKRUTTERING I DANS

Vi ser mange stader at rekruttering i folkedans er heilt avhengig av eldsjeler. Kulturskulane har mange stader hatt bra tilbod i folkemusikk, men har synt mindre ansvar for folkedansen. Nokre

ungdomslag har heldigvis sett det som si oppgåve å føre dansekulturen vidare. Slik har det òg vore i Sunnfjord, og særleg i Vassenden-området, der Ingrid Søyland ein periode skapte skikkeleg oppgang for dansen. Vi skal òg merke oss kor viktig det var at skulen der ho var lærar, la tilhøva godt til rette for folkedans som valfag. Ungdomane frå Jølster dominerte på kappleikane og var kjærkomne i det aller fyrste prøveprosjektet for «Bygda dansar».

Men kva så når eldsjelene trappar ned, slik som Ingrid Søyland etter kvart gjorde? Då er soga om dansen i Indre Sunnfjord eit godt døme på korleis aktiviteten kan svinge. Men vi vonar på nye oppturar.

JØLSTRASPRINGAREN

Dei eldre lokale dansane har vore langt nærare døden enn dei er i dag. Og igjen må eldsjelene nemnast som livreddarar. Kanskje hadde vi ikkje hatt nokon lokal springarvariant frå Jølster i dag om det ikkje hadde vore for den kjende kun-

«Eg får vel ta å lære
dokke Jølstrasprin-
garen før eg daua.»

Jon Sandalshaug til Sigmund Eikås

stmålaren Astrup, kona hans og svigermora. Eg har lyst til å sitere frå Joar Solheim og Ingrid Søyland sitt kapittel om dansen: «Nikolai og kona Engel var interesserte i bygdekultur og ville gjerne

halde liv i den gamle dansen og musiken. Svigermor til Nikolai, Emerense Sunde (f. Skrede 1863) hadde sin del av æra for at det vart dansa mykje i Astruptunet. Ho lærte seg jølstraspringar i ungdommen. På sine eldre dagar var ho ikkje i stand til å danse sjølv, men Emerense instruerte ungdomane ved å sitje i stolen sin og fortelje korleis vendingane i dansen var.»

Ein av dei som dansa i Astruptunet, var Jon Sandalshaug, som er hovudkjelde for dagens jølstraspringar. Han sa ein gong (ca. 1970) til Sigmund Eikås: «Eg får vel ta å lære dokke Jølstraspringaren før eg daua.» Og dermed vart Egil Bakka kopla inn og gjorde filmpptak.

RUNDDANSEN KOM SEINT

Indre Sunnfjord Spelemannslag skipa til den aller fyrste Landsfestivalen i gammaldansmusikk i 1986. Men som nordfjording må eg på bakgrunn av ei herleg danseskildring frå Ålhus i Jølster 1866 undre meg over kor seine sunnfjordingane var med å ta i bruk dei nye runddansane som kom oppover frå Europa. Her i Nordfjord kom spelemannen Lars Brendefur heim frå krigen i 1814 og spelte vals, og i ei reiseskildring frå 1817 går det fram at valsen allereie var komen i bruk mellom dansande ungdomar på Stårheim. Men Thrond Sj. Haukenæs frå Granvin i Hardanger opplevde nær 50 år seinare på ei dansemoro i Jølster at dei innfødde enno ikkje hadde fått kontakt med dei moderne trendane.

I skildringa hans, som er teken med i den nye boka om Indre Sunnfjord, skriv



1



2



3



4

1. Sigmund Eikås var tidleg etterspurd bryllaupsspelemann, som her, femten år gammal på Hestad i Gaular, 1962. Kjøkemeister er Olav Hjelmeland, brudeparet Ola Skjæret og Aslaug Hestad, Luster. (Foto: privat). • 2. Sigmund Eikås er raus, men òg streng, fortel Hilde Bjørkum. Etter at ho og Vidar Underseth hadde vunne kongepokal i dans på Landskappleiken i Trysil i 1989, kommenterte Sigmund tørt: «Eg tykte no ikkje de dansa så godt i dag.» (Foto: Jostein Aardal) • 3. Vossing Lars Skjervheim har påverka spelet i Indre Sunnfjord Spelemannslag mykje. Her har han kurs med laget midt på 1980-talet. (Foto: Jostein Aardal) • 4. I 1984 gav Heilo ut den første LP-plata til laget. Tittelen vart rett og slett 'Indre Sunnfjord Spelemannslag', som plateprodusent Hallvard Kvåle meinte var eit sterkt merkenamn. (Foto: Oddleiv Apneseth)

han: «Jølstringene brugte ingen anden dans end springedans». Og vidare skriv han: «En af unggutterne i laget havde været nogen tid i Bergen og der lært at danse vals, men spillemanden kunne ikke spille, jenterne ikke danse vals, og således kunde han ikke gjøre nogen videre brug af sin kunst. Efter indtrængende anmodninger måtte da gutten frem på gulvet og give en prøve på den nye dans, idet han dansed alene og selv nynnede melodien til. Det lod til at man fandt den nye

dans nokså smuk og fornøylig, efter det rigelige bifald, der blev solodanseren tildels at dømme.»

Ja ja, dermed var kanskje jølstringane klare for utviding av både musikk- og danseutvalet. Og eg skal ikkje hovre over at dei låg noko etter nordfjordingane i så måte, men heller gje litt ros for at den gamle kulturen heldt seg så pass godt. Og her kjem meir ros. Som den fråhaldsmanen eg er, lyt eg få lov å ta med eit siste sitat frå hardingen Haukenæs si herlege

skildring: «Berusende drikke benyttedes ikke ved den her omtalte sammenkomst, og det hele gikk nokså ordentlig til.»

STERKE TRADISJONAR I SPEL

Her går eg litt lett forbi lagssoga og omtale av leiarar, heidersmedlemer og unge som har gjort folkemusikken til levebrød. Men noko som kan ha meir allmenn interesse, er Bjarte Øvrebø, Dagunn Kjøsnes og Jostein Aardal sine gode artiklar om tidlegare spelemenn



1



2

3

1. Botavon, ungdomsdansegruppa i spelemannslaget, dansar på kjøpesenter i Pécs i Ungarn, 2005. Det var slutt på Botavon etter dette, men medlemene heldt egne danseøvingar i fleire år etterpå. (Foto: Ingrid Søyland) • 2. 'Jølster 2012' var tittelen på ein CD Sigmund Eikås gav ut saman med tre av landets fremste handingfelespelarar som alle har vore hans elevar: Synnøve Bjørset (t.v.), Gro Marie Svidal og Erlend Apneseth. Her frå platesleppet deira på Førdefestivalen 2012. (Foto: Knut Utler) • 3. Spelemannslaget og einskildmedlemmer har medverka på Førdefestivalen både som utøvarar, produsentar og komponistar. Her frå framsyninga Brass & Boge i 2013, eit samarbeid med Jølster Musikklag. (Foto: Heidi Hattestein) • 4. Sigmund Eikås leiar ei stor gruppe unge felespelarar på juniortreff, som Sogn og Fjordane folkemusikklag skipa til årleg gjennom fleire år. (Foto: Roy Raasholm Fauske, Firda) • 5. Sigmund Eikås (t.v.) saman med Elsa Eikås, Leif Rygg og Aud Hamre under utdelinga av Spelemannsprisen 1994 på Lillehammer. Eikås var nominert for CD-en 'Jølstring', men Rygg vann prisen for 'Bjølleslåtten' i lag med Knut Buen og Kåre Nordstoga. (Foto: Arne Stubhaug, Firda) • 6. Alvhild Viken Øvrebø (1921–2018) var, likeeins som far Anders Viken og bror Arne Viken, ein dugande musikar. Ho var slagferdig og kunne skjemte om det meste, her saman med Sigmund Eikås ein gong på 90-talet. (Foto: Torunn Raftevoll Rue)



4



5



6

Arne Bjørndal kom på besøk til han i Jølster og fekk skrive ned nokre slåttar, men etterpå skulle Johannes ha sagt: «Jau, han fekk nokre, men ikkje dei beste.»

og speltradisjonar i Indre Sunnfjord. Eg tippar òg at Sigmund Eikås har vore ein viktig medhjelpar for dei nemnde skri-varane. Dette stoffet vil gjere boka til eit oppslagsverk for ettertida.

Vi merkar oss at når det i denne samanheng er snakk om spel, så er det helst spel på fele og hardingfele. I ei ordbok frå 1648 av presten Christen Jønsson i Askvoll er det nemnt instrumentet «haargie, en bondeføyle». Korleis instrumentet såg ut og let, veit vi ikkje sikkert. Eldste namngjevne spelemann er ein som vart kalla Spele-Nils på Ålhus, og han levde frå 1697 til 1756. På 1800-talet kom det til mange gode spelemenn. Hardingfela fekk godt fotfeste, og Gunnar Lundekvam (1820–1912) frå Gaular/Førde vart kjend for sitt glimrande spel på kappleik i Bergen 1896, der han var ein farleg konkurrent til sjølvaste Sjur Helgeland.

Lundekvam var ein av læremeistrane til jølstringen Johannes Nedrebø (1854–1934), som òg gjekk under namnet Bensen. Han òg reiste til Bergen på kappleik. Arne Bjørndal kom på besøk til han i Jølster og fekk skrive ned nokre slåttar, men etterpå skulle Johannes ha sagt: «Jau, han fekk nokre, men ikkje dei beste.» Slikt har vi òg høyrte om andre spelemenn i eldre tid, så dermed gjekk nok mykje god musikk i grava med dei.

Slåttane i Sunnfjord vart skildra av Arne Bjørndal som korte, rytmiske, tonefriske og «jamt friskdæmde og humørfylte». Han meiner òg at sunnfjordingane har halde slåttane med «ein ekte gammalvoren svip», og at dei ikkje har drive med utbygging av det gamle slåttmaterialet, slik vi kjenner til frå andre sterke hardingfeleområde.

Mange spelemenn har fått sine kapittel

i boka. Når ein kjem litt austover i Jølster og mot grensa til Breim, har den vanlege fela stått sterkt. Særleg var brørne Moses, Petter og Adolf Paulen velkjende og ettertrakta. Dei har fått sitt eige kapittel i boka. Moses, den eldste av brørne, vart rekna som Anders Reed sin beste elev. Alle tre laga òg nye runddansslåttar.

ANDERS VIKEN

I ei særstilling som både utøvar og toneskapar står Anders Viken (1898–1977). Han stod med ein fot trygt i den lokale tradisjonen etter faren Ole Viken, men han hadde òg ein stødig fot i den klassiske fiolinverda. Draumen om å leve av musikken låg nok på lur i unge år, men den draumen vart det seinare sonen Arne som realiserte. Dottera Alvild var aktivt med i Indre Sunnfjord Spelemannslag.

Anders vart lærar og småbrukar, men felespelet på begge feletypene må ha teke svært stor plass i livet hans. Ein CD med utvalde opptak frå den store innspelte samlinga hans i NRK fortel om ein som retteleg meistra sitt instrument, og som ikkje gjekk av vegen for å lage svært teknisk krevjande nye slåttar og tonestykke. Han fekk òg laga seg ei såkalla idealfele, ei hardingfele med halslengd som på den vanlege fela, slik at det vart enklare å klatre oppover i posisjon. Av dei over 500 komposisjonane hans er nok «Jølstrabruera», «Brulandsvalsen» og «Huldresølvet» dei mest kjende, takka vere Sigbjørn B. Osa sine plateinnspelningar i ei tid då radioen med berre éin norsk kanal hadde «monopolplass» i alle heimmar.

SPELEMENN FRÅ SANDDALEN

Eit eige kapittel i boka er tileigna spelemennene i Sanddalen i Jølster. På slutten

av 1800-talet voks der opp fire brør som vart gode felespelarar, og som gav dei musikalske evnene vidare til etterkomarane sine. Det slo seg ut både på hardingfele og trekkspel. På eit foto finn vi trekkspelaren Arne Solhaug i samspel med slektningen Knut L. Sandal, og andre stader finn vi foto av Arvid Hjellbrekke med trekkspelet i spelemannslaget og i Sigmund Eikås sin kvartett. Både Arvid og Sigmund hadde eldstemann av Sandals-brørne som bestefar. Arvid var trekkspelar i spelemannslaget til han gjekk bort i 1985, berre 35 år gammal. Sidan den tid har det vore smått med trekkspel å sjå i laget.

SKAPT TIL SPELEMANN

Sigmund Eikås (f. 1947) fekk musikalske genar både frå mora og faren. Sjølv meiner han at ein viktig grunn til at han gav seg i kast med hardingfela, var opplevinga av godt hardingfelespel av syskenbarnet til mora, Knut L. Sandal (1915–1964), når han var heime på ferie frå arbeidet sitt i Bergen. Faren Anders spelte òg. Sigmund har meistra ein krevjande kombinasjon der han har vore aktiv og drivande bonde med mykje nydyrking og sagbruk, drive aktivt med idrett i yngre år, drive lokalpolitikk for Senterpartiet og vore spelemann og organisasjonsmann. For det sistnemnde kan vi truleg takke ungdomslaget og 4H, der han fekk ei god opplæring. I fleire år var han styreleiar i Landslaget for Spelemenn. Leiarverv har han òg hatt mellom anna for Førdefestivalen og Sunnfjord museum/Sunnfjord sogelag.

Eg vågar å skrive at utan Elsa som dugande gardkone ville ikkje det store livsverket til Sigmund vore mogleg. Der

i huset har mang ein spelemann vorte teken vel imot og fått påfyll med musikk i stova, god servering på kjøkkenet og endåtil gjesteseng på loftet. Når Lars Skjervheim og alle dei andre kjende spelemennene kom for å halde kurs i spelemannslaget, var det sjølvstakt at dei budde heime hos Elsa og Sigmund. Etter kvart kom òg sonen Anders aktivt inn i gardsdrifta, slik at Sigmund kunne drive undervisning og reise på møte og speleoppdrag med betre samvit. Han var tilsett som fylkesmusikar i deltidstilling frå ordninga starta opp i 1989 til han vart pensjonist.

At Sigmund sitt engasjement har vore høgt verdsett, syner all heideren han har fått, som til dømes heidersmedlemskap i FolkOrg, fylkeskulturprisen for Sogn og Fjordane, folkemusikkprisen for Sogn og Fjordane og Rff-prisen. Og som A-klassing både på hardingfele og i dans har det vorte ei mengd med gode plasseringar

på kappleikar. Mang ein dansar har òg hatt gleda av å danse på sitt beste etter Sigmund sitt spel på kappleikar. Borna til Sigmund og Elsa, Anders og Elisabet, er begge hardingfelespelarar på høgt plan og fører arven vidare.

MUSIKALSK LEIAR

Sigmund Eikås har vore den sjølvskrivne musikalske leiaren i spelemannslaget sidan Einar Bakkane tok ein kort start-etappe. Då pensjonsalderen nærma seg, tykte Sigmund det var på tide at laget såg seg om etter ein yngre leiar. Ein av dei tidlegare elevane hans på hardingfele, Ingrid Heieren, med folkemusikkksammen frå Noregs musikkhøgskole, overtok. Men etter kort tid flytte ho til sambuar og gard på Fjelli i Stryn, så då måtte Sigmund trå til att.

Eg trur han trivst i leiarrolla. Men han kan vere nokså prinsippfast. Då han spelte til dans i ungdomen saman med

trekkspel, gitar og bass, hadde dei både runddans og nyare 1900-talsdansar på spelelista. Dette gjorde kvartetten svært populær på dansefestar og i bryllaup. Eitt år spelte dei til dans heile 54 gonger. Mange av spelemannslaga i Sogn og Fjordane har òg i lang tid servert alt frå springar og halling til runddans, tango og swing når dei er ute på speleoppdrag til dans. Men det gjeld ikkje Indre Sunnfjord. Eg har stundom (for moro skuld) orda fram på til min gode ven Sigmund om at no må tida snart vere inne for han òg til å øve inn litt slikt i laget, særleg med hans røynsle frå ungdomstida. Men eg veit akkurat svaret på førehand kvar gong: «Neiggu, der går grensa!»

SLÅTTEKAPAREN

Dei nye slåttane som Sigmund har laga, kjem til å verte ståande som gode minnesmerke. Og vonleg har ikkje skapartrongen veikna enno. Mange vegrar seg for å fortel-



**JOSTEIN AARDAL (RED.):
SKAPT TIL SPELEMANN.
SIGMUND EIKÅS – MANNEN OG MUSIKKEN**

Biografi om Sigmund Eikås i samband med 70-årsdagen

Selja Forlag / Indre Sunnfjord Spelemannslag, 2017

128 sider, 24 cm innbunde



**JOSTEIN AARDAL (RED.):
«VI KALLAST INDRE SUNNFJORD...»
50 ÅR MED SPEL, DANS OG SONG**

Jubileumbok om Indre Sunnfjord Spelemannslag i høve 50-årsjubileet

Indre Sunnfjord Spelemannslag, 2020

152 sider, 24 cm innbunde



Sigmund & Co var ein kvartett samansett for deltaking på Landsfestivalen. Her spelar og opptre dei for ei ung Gro Marie Svidal. Bak f.v. Vidar Underseth (hardingfele), Egil Svidal (bass) og Joar Solheim (gitar). (Foto: Jostein Aardal)

Sigmund har skapt nytt utan å trakke utom råmene. At unge spelemenn har brukt dei nye slåttane hans, er eit kvalitetsstempel.

je at dei har laga noko sjølv, og Sigmund har vore sparsam med slike opplysningar. Ein gong spelte han ein «Halling frå Jølster» på kappleik. Då sa eg til han at akkurat slik skal ein halling vere. Noko meir vart ikkje kommentert frå nokon av oss, men eg hadde ein liten mistanke om slåttens sitt opphav, og i ettertid er eg svært nøgd med kommentaren.

Den gjeld òg dei andre slåttane hans. Om ein ikkje veit det, kan ein tru at det er gamle tradisjonsslåttar, og etter mi meining er det nettopp slik det bør gjer-

ast. Meldarar som ropar på noko banebrytande når nytt vert skapt innanfor tradisjonsmusikken, seier samtidig indirekte at dei er litt leie av tradisjonen. Sigmund har skapt nytt utan å trakke utom råmene. At unge spelemenn har brukt dei nye slåttane hans på kappleikar, plater og konsertar, er eit godt kvalitetsstempel.

GOD ATTEST

Skal ein få meir kunnskap om Sigmund sin kjempeinnsats så langt i livet, vil eg råde til å lese boka *Skapt til spelemann*.

Frå den vil eg til slutt ta med desse velforma orda: «Vi får høyre fleire gode ord og karakteristikkar frå dei som voks opp saman med Sigmund. Han var alltid å stole på, ein som aldri svikta. Han var ein god kamerat som hjalp dei smålåtne og forsiktige over hinder. Men sjølvskryt hørde kompisane ikkje frå Sigmund. Han var trygg på seg sjølv og det han stod for og målbar. Samstundes trekte han fram dei gode eigenskapane hos andre og oppmuntra til å vise fram det dei var gode på.» 🎸